

## Studentkonkurranse

Grimsa, Nasjonal turistveg Rondane  
Hesthamar, Nasjonal turistveg Hardanger

Designprogram  
06. februar 2023

# Rast

## INNHOOLD

1.

Rast - Konkurransen og kvifor den organiserast

Nasjonale turistveger

Konkurransetingelsar

2.

Hesthamar

Program

Staden

Bilete og kartmateriale

Grimsa

Program

Staden

Bilete og kartmateriale

Generelt materiale om NT

Ordnet litteraturliste med utvalgte bøker og artikler både for og imot satsingen.

## TO ARKITEKTKONKURRANSER RASTEPLASSER LANGS TURISTVEGENE

### RAST

Å rasta er å stoppa opp på ei reise eller i eit arbeid. Me stansar for å kvila og for å oppleva, og me held rast langs vegen.

Nasjonale turistvegar, Statens vegvesen inviterer studentar ved dei fire norske utdanningane i arkitektur og landskapsarkitektur – Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo (AHO), Bergen Arkitektskole (BAS), Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU) og Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU) – til to arkitektkonkurransar om rasteplassar.

Sommaren 2023 er det tretti år sidan dei første vedtaka i Stortinget som leidde fram til prosjektet Nasjonale turistvegar. I juni vil dette jubileet, kalla RAST, bli markert ved opne utstillingar og seminar på AHO.

Formålet med markeringa er å:

- Feira og dokumentera prosjektet og kva NT har oppnådd.
- Reflektere over erfaringar frå prosjektet.
- Kontekstualisera prosjektet nasjonalt og internasjonalt.
- Bruka prosjektet som eit prisme for å sjå perspektiv og samanhengar.
- Omdefinera plattformen for prosjektet.

Studentkonkurransen for rasteplassar på Hesthamar (Hardanger) og Grimsa (Rondanevegen) er ein del av markeringa og skal både reflektera over prosjektet og peika ut vegen framover.

Prosjekta frå konkurransen vil bli utstilte og vinnarane kåra som del av RAST.

### NASJONALE TURISTVEGER

Nasjonale turistvegar er 18 utvalde vegstrekningar som går gjennom landskap med unike naturkvalitetar.

Strekningane skal vera eit alternativ til hovudvegane og køyreturen i seg sjølv skal vera ei oppleving.

Langs turistvegane er det i løpet av tre tiår bygd nær 200, små og større installasjonar: Rasteplassar, utsiktspunkt, stader for å gå inn i og oppleva det stadlege landskapet, praktisk tilrettelegging for reiseliv og turstiar inn i landskapet.

Turistvegane er eit regionalpolitisk verkemiddel og hovudmål for satsingane har vore å styrkja norsk reiseliv som næring, gi allmenta tilgang til landskapet, ta heile landet i bruk og å auka attraksjonen ved ferie i eige land. For å nå desse måla er det stilt strenge kvalitetskrav, til val av strekningar, stader for tilrettelegging og til arkitektonisk og kunstnarisk kvalitet i det prosjekta som blir gjennomførte.

Vedlagt dette digitale konkurransematerialet er artiklar som gir meir informasjon om Nasjonale turistvegar, ei litteraturliste som også omfattar artiklar som er kritiske og forelesingar som gir bakgrunnsmateriale for konkurransen.

## KONKURRANSENEBETINGELSER

### TIDSRAMME

Konkurransprogrammet er tilgjengeleg frå 6.2.2023.

Digital levering av anonyme konkurranseforslag med separat namneseddel skal skje til følgjande adresse:

[fredrik.flogstad@vegvesen.no](mailto:fredrik.flogstad@vegvesen.no)

Siste leveringstidspunkt er 31.3.2023 klokka 12.00

Namneseddelen må klargjera kven som har rettar til konkurransematerialet dersom Nasjonale turistvegar ønskjer å gå vidare med prosjektet.

Konkurransesekretæren, men ikkje juryen, vil ha tilgang til namneseddlar.

### KRAV TIL DELTAGERNE

Alle deltakarar som nemnt på namneseddelen må vera registrert som studentar ved ein av dei fire norske skulane for arkitektur og landskapsarkitektur.

Materialet skal sendes fra student-epost for å verifisere tilhørighet til studiestad.

### KRAV TIL INNLEVERT MATERIALE

Beskrivelse

Kortfattet forklaring for prosjektets:

- Situasjonsgrep og arkitektonisk idé
- Behandling av terreng og vegetasjon
- Konstruksjon, byggjemåte og materialbruk

Samt ein kort refleksjon som posisjonerer prosjektet i forhold til Nasjonale turistvegar

### TEGNINGER

- Situasjonsplan 1:500 som viser det nye tiltaket og eksisterande situasjon med svak stipla linjeterreng
- Snitt som viser det nye tiltaket i forhold til eksisterande terreng 1:200/1:500
- Utomhusplan som viser overflater og vegetasjon av viktige opphaldsareal 1:200
- Plan snitt og fasadar av bygning og konstruksjonar 1:50
- Skjema (plan, snitt og eitt oppriss) av eit utvalt bygningselement 1:\*20

Alle teikningar må vera teksta, vise målestokk og himmelretnings

- Illustrasjonar (handskisser, rendere, kollasjar eller modllfoto)
- Illustrasjon av fjernvirkning
- Illustrasjon tett på eller i bygning/er

Materialet skal leverast slik at det eignar seg for å trykkast opp og lesast i liggjande A3 format.

Totalt leverte digitale plansjar skal ikkje overskrida 10 A3 plansjar.

### BEDØMMELSE

I vurderinga vil det bli lagde vekt på:

- Kvalitet i konsept sett i forhold til tidlegare prosjekt i Nasjonale turistvegar og behov for fornying.
- Funksjonelle kvalitetar, arkitektoniske kvalitetar og landskapskvalitetar.
- Omsyn til framtidig drift og vedlikehald.

## JURY

Johan Arrhov

Arkitekt, Arrhov Frick Arkitektkontor, Stockholm.

[www.arrhovfrick.se](http://www.arrhovfrick.se)

Kristine Jensen

Landskapsarkitekt, professor KADK, Kristine Jensen landskap og arkitektur.

[www.kristinejensen.dk](http://www.kristinejensen.dk)

Knut Wold

Billedhugger og medlem av arkitekturrådet i Nasjonale turistvegar.

[www.nasjonaleturistveger.no/no/arkitekter-og-kunstnere/knut-wold/](http://www.nasjonaleturistveger.no/no/arkitekter-og-kunstnere/knut-wold/)

## PREMIERING

Total premiesum for dei to konkurransane er kr 150 000

Kr. 75 000 skal fordelast i kvar konkurranse.


Finn juryen at eitt eller begge vinnarbidraga held tilstrekkeleg kvalitet kan dei tilrå Nasjonale turistvegar å gå vidare med prosjektet for å byggja anlegget i regi av vinnarane/rettshavarane.

## SPØRSMÅL

Spørsmål blir retta til konkurransesekretær Fredrik Fløgstad innan 1.3.2023.

[fredrik.flogstad@vegvesen.no](mailto:fredrik.flogstad@vegvesen.no)

Spørsmål og svar vil bli publisert på nettsidene til konkurransen.



## RASTEPLASS HESTHAMAR

### NASJONAL TURISTVEG HARDANGER

Nasjonalt turistveg Hardanger er samansett av fire strekningar: Granvin - Steinsdalsfossen, Norheimsund - Tørvikbygd, Jondal - Utne og Kinsarvik – Låtefoss. Fylkesveg 550 mellom Jondal og Utne var ei forlenging av turistvegen og Nasjonale turistvegar har så langt planlagt og gjennomført få prosjekt langs denne vegen.

Vegen går gjennom landskap som historisk sett er kjerneområde i norsk reiseliv. Langs fjorden, under mektige fjell og med utsyn til Hardangerjøkulen. Vegar i Hardanger har sin eigen fart, og dei reisande må tilpassa seg det naturlege tempoet. Her ligg vegen på hyller i bratte dalsider, eller går bokstaveleg talt gjennom eplehagane. Jordsmonnet og klima langs fjorden gav grunnlag for jordbruk og frukt dyrking, historisk skjedde all transport med båt og kravde båtbygging, vasskraft gav føresetnader for tidleg industribygging som i Odda og Tyssedal.


### HESTHAMAR

Rasteplassen ligg på eit nes mellom Jondal og Utne der Samlen og Sørfjorden møtest og med vid utsyn sør-vestover fjorden.

Hesthamar rasteplass ligg i eit idyllisk kulturlandskap prega av aktiv frukt dyrking. Landskapet byr på stor-slåtte utsiktskvalitetar mot sørvest, med høge fjell, dramatiske fossar og skogkledde lier. Vest for rasteplassen ligg sorenskrivargarden frå 1723, ein av dei eldste og mest autentiske embetsgardane i landet. Furu- og lauvskogen står tett nordvest for rasteplassen. Her leiar ein sti ut mot kulturminnet Steinkrossen der skogen opnar seg mot Hardangerfjorden. Steinkrossen skal vera reist til minne om lagmannen Sigurd Brynjulfsson på Aga som omkom under ei sjøreise i 1302. Planområdet og området ned mot Hardangerfjorden, totalt 47 daa, er kartlagde av Ullensvang kommune gjennom prosjektet ”Kartlegging og verdsetjing av friluftsområde” i Ullensvang herad. Områdeverdien er sett til viktig, og nyttast av både regionale og nasjonale brukare.

Rasteplassen slik han er i dag vart prosjektert av Asplan, og bygd i 2005. Den består av ein gruslagd parkeringsplass for omkring 10 bilar. Plassen er avgrensa mot omgjevnadane av granittkantstein, med eit eige, oppmura område til avfallshandtering. Frå parkeringsplassen er det etablert ein gangveg med skiferdekkje ut mot ein oppmura og tilrettelagt sitjeplass. Mot vest førar ein mindre opparbeidd gangsti ut mot Steinkrossen, og viare ned til ein bade plass ved fjorden.

### Bonitets- og markslagskart



Sjølv om rasteplassen er 15 år gamal, held kvalitetane ved plassen seg godt. Plassen vert mykje nytta, både av fastbuande og tilreisande. Parkeringsplassen har hatt tilstrekkeleg kapasitet, og både avfallshandtering og opparbeidde sitjeområde ser ut til å fungera bra.

Stien ut til Steinkrossen og ned til badeplassen er lite opparbeidd, med fleire våte, opptrakka parti. Det er og eit stort behov for toalett på rasteplassen. Lokal forureining og avfall har og ført til at plassen i mindre grad har vore nytta av lokalbefolkninga dei siste åra.»

Rasteplassen vil bli tilknytta vassanlegg, og system for avløp vil bli bygd ut.

## PROGRAM

Programmet for rasteplassen omfattar:

- Tilrettelegging for rast.
- Bearbeiding av parkeringsplassen.
- Lokal landskapsbearbeiding.
- Nytt toalettanleggs
- Sti ut mot Steinkrossen.
- Stien skal ikkje ha universell standard då dette vil medføra for store terrenginngrep.
- Enkelt utsiktspunkt på knausen til venstre for stiens startspunkt
- Opplegg for informasjon om staden og Turistveg Hardanger.

Tilrettelegginga må gjerast slik at særpreget og kvalitetane ved plassen blir ivareteke.

Dei estetiske utfordringane skal løysast med utgangspunkt i situasjonen og stemninga på staden.

## KULTURMINNE.

Kulturminnet «Steinkrossen» ligg på neset Steinkrossen, der Samlen og Sørfjorden møtest. Kulturminnet er automatisk freda etter Kulturminnelova.

Ei sone på minimum 2 meter rundt steinkorset må sikrast og haldase urørt under anleggsperioda.



## SPESIILT OM BYGGEPROGRAMMET

Det nye bygget skal bestå av HCWC, WC og teknisk rom med nødvendig lagerkapasitet.

Veggflater, golv og inventar skal vera lette å reingjere og halda vedlike. Det skal vera golvvarme i våtrom, og våtromma skal ha sluk.

Bygget skal vera vinterisolert, og ha moglegheit for vinteropent. Det skal byggjast eit robust anlegg som eldast med verdigheit. Dette må spegla seg i materialval og gi drifts- og vedlikehalds-venlege løysingar

## BUDSJETT

Prosjektet har et veiledende budsjett på 6.500.000 kroner

## KARTMATERIALE

Registreringskart

Biletmateriale med opplysende billettekstar

Link til plassering i kart: <https://goo.gl/maps/3upd5Qeaua3eBM766>

## RASTEPLASS GRIMSA

### NASJONAL TURISTVEG RONDANE

Rondanevegen er ei alternativ reiserute – ein omveg – for E6 gjennom Gudbrandsdalen og Riksveg 3 gjennom Østerdalen. Sørfrå tek vegen av ved Ringeby, går over Venabygdسفjellet (Valdresflya og Rondane) og inneheld fleire ikoniske turistveganlegg som Solbergplassen, Straumbu og kunstprosjektet Skyldner.

Vegen er relativt lite trafikkert og tilbyr mange moglegheiter for rast langs Atna. Vegen går over snaufjell, i barskog og bjørkeskog, langs – og med utsyn til – Rondane nasjonalpark.

### GRIMSA

Grimsa er ei fjellelv som kjem frå Rondane, i Dovre kommune og munnar ut i Folla ved Grimsbu i Folldal kommune. Vassdraget er varig verna mot kraftutbygging.

Konkurransedområdet ligg på vestsida av Grimsa bru der Rondanevegen kryssar elva. Området er allereie i dag ein populær stopp-plass for bubilar og bilturistar. Elva er den fremste attraksjonen på staden. Eit fugleverneområde ligg nær ved.

Området ligg 775m over havet, grunnen er i hovudsak elvegrus og sand og bevokst med skrinns fjellvegetasjon. Området er noko nedslite av bruk.


### PROGRAM

Det er ønskeleg med ei oppstramming av dagens situasjon der parkering og toalett ligg nær vegen, slik at anna areal blir stilt fri til aktivitet og rast.

Programmet for rasteplassen omfattar:

- Forslag til utstrekking og avgrensing av det omarbeidde området.
- Tilrettelegging for rast.
- Tilrettelegging for sikker parkering.
- Lokal landskapsbearbeiding, spesielt i områda mot elva.
- Sti gjennom landskapet til fugleverneområdet.
- Fugle/utsikts-tårn ved enden av stien.
- Opplegg for informasjon om staden og Rondanevegen.

### Bonitets- og markslagskart



Avkøyring til området skal liggja kvar ho ligg i dag. Prosjektet må ikkje forhindra gjennomkøyring til åkeren i enden av grusvegen. Tilrettelegginga må gjerast slik at særpreget og kvalitetane ved staden blir ivareteke. Dei estetiske utfordringane skal løysast med utgangspunkt i situasjonen og stemninga langs strekninga. Resultatet må kunna eldast med verdighet, i tillegg til at det skal vera praktisk og økonomisk å drifta og vedlikehalde.

#### SPESIELT OM BYGGEPROGRAMMET

Det nye bygget skal bestå av HCWC, WC og teknisk rom med nødvendig lagerkapasitet. Veggflater, golv og inventar skal vera lette å reingjere og halda vedlike. Det skal vera golvvarme i våtrom, og våtromma skal ha sluk.

Bygget skal vera vinterisolert, og ha moglegheit for vinteropent. Det skal byggjast eit robust anleggsom eldest med verdigheit. Dette må spegla seg i materialval og gi drifts- og vedlikehalds-venlege løysingar.

#### LANDSKAP/TOMT

Tomta ligg der riksveg 27 kryssar Grimsavassdraget og Grimsdalen. Grimsa har utspringet sitt i fjellområda mellom Dovrefjell og Rondane og munnar ut i Folla ca 10km sør for Folldal sentrum. Grimsa går mellom låge terrassar av iselv og elvemateriale. Den nedste delen av Grimsa går i meandrerende løp djupt nedskore i Grimsmoen.

Søraust for Grimsbrua, på det flate området inntil fylkesvegen, er det etablert ei avkøyring som mellom anna blir brukt som tilkommeveg til dyrka mark. Området har i lang tid vore brukt av ferierande som overnattingsstad med telt, campingvogn eller bubil. Tomta ligg i eit ope landskapsrom med utsikt til fjell og med nærleik til elva Grimsa.



## ELVA

Dette er ei kald fjellelv, som delvis blir forsynt via grunnvannssig og smeltevatn frå Rondane, med relativt rask straum avbrote av kulpar og enkelte rolege parti. Elvebotnen er variabel, alt frå område med skjeringar i grunnfjell til nokre mindre sandbankar, men er dominert i hovudsak av mindre stein og grus. Elva har eit forholdsvis stort nedbørsfelt med stor høgdeforskjell som kan medføra rask vasstandsfluktasjon som følgje av nedbør. Dette til trass av at området er eitt av dei minst nedbørsfattige i landet. Vatnet er krystallklart og geologien i området gir svært god vasskvalitet, faktisk svakt basisk. Fast mark, sparsam kantvegetasjon og lite dyrka mark gjer det lett å ta seg fram langs elva. Elvestrengen blir endra relativt ofte som følgje av vårflaum.

## KVARTÆRGEOLOGI/ØKOLOGI

Landskapet er forma mellom yngre og eldre dryas (12-14000 år sidan). Isbreen som forma landskapet skura med enorm kraft. Botnmorenen som låg igjen i dalen etter at isen trekte seg tilbake, hadde ei jamn fordeling av lausmassar med stein i alle storleikar. Etter kvart har silt og leire og sand sokke medan større stein har vorte liggjande høgare oppe. Fordelinga gir eit godt drenert underlag. Botnmorenen kan vera frå 1-20 meters djupn, sannsynlegvis 2-3 meter i Grimsdalen.

Artsrikdommen i Rondane er låg. Det kjem av silikat og kiselbergartar som granitt og gneis, som eroderer langsamt og dermed frigjer næringsstoff langsamt. Det gir eit skrint jordsmonn; braka (einer), furu og bjørk er artar som klarer seg fint i det næringsfattige jordsmonnet. Elles finn me lyngsortar.

Tomta er delvis omkransa av dyrka mark.

Klimaet er tørt (220-360mm nedbør) som oftast nedbør om sommaren. I april-mai kan det framleis vera vinter her,- våren kan først komma i juni. Når snøen smeltar kan det bli eit slags «vasslandskap» medan barfrost på hausten gir is i øvste lag.

Furu og einer (og kvitkrull,- ein lav i slekta begerlåg (cladonia) som tilhøyrrer gruppa reinlav) kan klara seg med lite vatn. Bjørka (dunbjørk/fjellbjørk) treng derimot meir vatn; Bjørkeblada taper fortare vatn enn nålene på furu og einer. Kvitkrullen toler godt tørken om sommaren og mykje fukt i vårløysinga. Kvitkrullen veks seint og er svært sårbar for tråkk då han ikkje har noko djupt rotsystem.

Låg temperatur og lite organisk materiale i jordsmonnet hemmar nedbrytningsprosessane og søppel som folk kastar me krevja ekstra lang nedbrytningstid.

## BUDSJETT

Prosjektet har et veiledende budsjett på 15.000.000 kroner

## KARTMATERIALE

Registreringskart

Biletmateriale med opplysande bilettekstar: [www.foto.turistveg.no](http://www.foto.turistveg.no)

Film frå planområdet: <https://youtu.be/0hKt3qi-X0c>

Link til plassering i kart: <https://goo.gl/maps/rSzouHhg3D3xPeJK8>



**Statens vegvesen**



**Nasjonale turistveger**  
Norwegian Scenic Routes

2023

Vedlegg: Litteraturliste

RAST

NASJONALE TURISTVEGER.

TO STUDENTKONKURRANSER OM RASTEPLASSER, 6.2 – 31.3 2023

LITTERATUR

Nettside Nasjonale turistveger (NT)

<https://www.nasjonaleturistveger.no/>

Bildebank NT

<https://www.nasjonaleturistveger.no/no/presse/bildebank/>

Årsrapporter fra NT

<https://www.nasjonaleturistveger.no/no/om-oss/arsrapport/>

BØKER I REGI AV NT

NT har siden 2006 gitt ut kataloger over prosjekter. Disse bøkene inneholder også artikler som presenterer og diskuterer prosjektet.

Trine Kanter Zerwekh, Thor Arvid Dyrerud, Jan Neste (red.), *Nasjonale turistveger* (Oslo: Press forlag, 2023).

Silja Lena Løken, Thor Arvid Dyrerud, Jan Neste (red.) *Nasjonale turistveger* (Oslo: Press forlag, 2016).

Nina Berre og Hege Lysholm (red.) *OMVEG. Arkitektur og design langs 18 nasjonale turistveger.* (Oslo: Statens vegvesen, Norsk Form, 2010, 2013). 2010 utgaven laget til verdensutstillingen i Shanghai.

Nina Berre (red.) *DETOUR. Architecture and design along 18 National Tourist Routes.* (Oslo: Norsk Form, 2007). Utstillingskatalog til omreisende utstilling.

Nina Berre (red.) *OMVEG. Arkitektur og design langs 18 nasjonale turistveger* (Oslo: Norsk Form, 2006). Katalog til utstilling i Norsk Form, Oslo.

BØKER OM KUNSTPROSJEKTENE

Alle kunstprosjektene langs turistvegene presenteres i monografier med artikler som diskuterer prosjektene.

Marianne Heier, *Mirage*, Gaularfjellet, (Oslo: Press forlag, 2016)

Jan Freuchen, *Columna Transatlantica*, Atlanterhavsvegen, (Oslo: Press forlag, 2015)  
(2015)

Peter Fischli. David Weiss, *Rock on top of another rock*, Valdresflya, (Oslo: Press forlag, 2012)

Mark Dion, *Den*, Aurlandsfjellet, (Oslo, Press forlag, 2012)

Steilneset, Varanger

Louise Bourgeois. Peter Zumthor, *The Damned, the Possessed and the Beloved*, (Oslo, Press forlag, 2011, 2016).

## ANDRE RELEVANTE BØKER

Reidun Laura Andreassen, Liv Helene Willumsen (red.), *Steilneset minnested, kunst, arkitektur, historie*, (Stamsund: Orkana forlag, 2017).

Nina Frang Høyum og Janike Kampevold Larsen (red.), *Utsikter – Norge sett fra veien 1733 – 2020*, (Oslo: Press forlag, 2012.) Denne utstillingskatalogen finnes også i engelsk utgave, *Views*, (Oslo: Press forlag, 2012.)

Per Roger Lauritzen, *De 18 nasjonale turistvegene*, (Oslo: NAF, 2014)

Cecilie Larvåg, *Mil etter mil. Langs Norges Nasjonale turistveger*, (Oslo: Scandinavian Vibe, 2021)

## ET UTVALG ARTIKLER FRA AVISER OG TIDSSKRIFTER

Ingrid Helsing Almaas; «*Nasjonale turistveger gir oss et falskt bilde av naturen*», *Harvest magazine*, 15.11.2018.

<https://www.harvestmagazine.no/artikkel/nasjonale-turistveger-gir-oss-et-bilde-av-naturen-som-ikke-er-sann>

Ingrid Helsing Almaas, «*Alene med naturen – ikke nå lenger*» *Arkitektur N*, 2014, 07, 84–85

Ingrid Helsing Almaas, «*Natur og kultur*», *Arkitektur N*, 2012, 8. 9.

Tore Edvard Bergaust og Kristin Evjen; «*Nasjonale turistveger – nasjonalromantikk i moderne innpakning*». *Plan*, 2010, 3–4.

<https://www.idunn.no/doi/abs/10.18261/ISSN1504-3045-2010-03-04-03>

Tore Edvard Bergaust; «*Turistene serveres myter og landskapsvoldtekt*», *Nationen*, 9.12.2018.  
<https://www.nationen.no/motkultur/kronikk/turistene-serveres-myter-og-landskapsvoldtekt/>

Bertram Brochmann; «*Nasjonale toalettbygg*». *Arkitektur N*, 2019. 1.

<https://arkitektur-n.no/artikler/nasjonale-toalettbygg>

Bertram Brochmann, «*Nasjonale turistveger – en ny norsk nasjonalromantikk*», *Arkitektur N*, 2009, 1, 61–63.

<https://arkitektur-n.no/artikler/nasjonale-turistveger-en-ny-norsk-nasjonalromantikk>

Bertram Brochmann, «*Norsk natur, vindmøller og rasteplasser*», *Arkitektur N*, 2007, 4, 32–34.

Gaute Brochmann; «*Årets mest tiltalende arkitektur er 54 steinblokker halvveis under vann*». *Morgenbladet*, 15.11.2022

<https://www.morgenbladet.no/kultur/kommentar/2022/11/15/arets-mest-tiltalende-arkitektur-er-54-steinblokker-halvveis-under-vann/>

Gaute Brochmann, «*På rett veg*», *Morgenbladet* 24.4.2015.

Runar Døving, «*Nasjonalistiske turistveger*», *Arkitektur N*, 2012, 8.

<https://arkitektur-n.no/artikler/nasjonalistiske-turistveier-om-regjering-av-turistenes-blikk>

Karl Otto Ellefsen, «*20 år på landeveien - Politiske strategier og faktiske resultater*», *Arkitektur N*, 2018. 3. nr. 3 – 2018.

<https://arkitektur-n.no/artikler/20-ar-pa-landeveien>

Karl Otto Ellefsen; «*På gal vei*», Morgenbladet, 15.05.2015 <https://www.morgenbladet.no/ideer/debatt/2015/05/15/pa-gal-vei/>

Karl Otto Ellefsen, «*Infrastruktur på omveg. Arkitekturen langs norske turistveger*», Nina Berre og Hege Lys-holm, red., OMVEG. Arkitektur og design langs 18 turistveger. (Oslo: Statens vegvesen, Norsk Form, 2010) 17–28.

Erling Dokk Holm, «*Veien til nasjonens ende*», Arkitektur N, 2012, 8. <https://arkitektur-n.no/artikler/veien-til-nasjonens-ende>

Erling Dokk Holm, «*Fagert ved veien*», Arkitektur N, 2008, 06, 9–11.

Janike Kampevold Larsen, «*Curating views: The Norwegian Tourist Routes Project*» I Mari Hvattum, Brita Brenna, Beate Elvebakk og Janike Kampevold Larsen (red.), Routes, Roads and Landscapes, (Farnham: Ashgate, 2011)

Einar Bjarki Malmquist, «*Farlig paradis*», Intervju med Reiulf Ramstad om prosjektet på Trollstigplatået, Arkitektur N, 2010, 04, 26–29.

John Ødemark, «*Cultural Difference and Development in the Mirror of Witchcraft. The Cultural Policy of Display at Steilneset Memorial*», Nordisk Kulturpolitisk Tidsskrift, Vol 17, 2014, 2, 187–209.

Stein P. Aasheim, «*Tivoli i Fjellheimen*». Harvest Magazine, 2020, 07.10. <https://www.harvestmagazine.no/artikkel/tivoli-i-fjellheimen>